

Arkivnr: 2018/16486-56
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|----------------------|--------|------------|
| Partssamansett utval | | 11.06.2019 |

Permisjonsreglement for tilsette i Vestland fylkeskommune**Prosjektleder foreslår at partssamansett utval gjer følgjande vedtak:**

Partssamansett utval stiller seg bak prosjektleder sitt forslag til permisjonsreglement for tilsette i Vestland fylkeskommune, slik det er omtalt i saksframlegget.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektleiar, 05.06.2019

Bakgrunn for saka

Prosjektleiar legg med dette fram forslag til permisjonsreglement for tilsette i Vestland fylkeskommune.

Avklaring og innføring av eit permisjonsreglement ligg innanfor den fullmakta prosjektleiar har fått av fellesnemnda for fastsetting av den administrative organiseringa for Vestland fylkeskommune. Prosjektleiar legg derfor denne saka fram for partsamansett utval til uttale som grunnlag for prosjektleiar si endelege avklaring.

Forslag til permisjonsreglement

Prosjektleiar viser til vedlegget i saka for nærmare omtale av forslaget til permisjonsreglement for tilsette i Vestland fylkeskommune.

Drøfting med hovudtillitsvalde

Prosjektleiar la fram forslag til permisjonsreglement på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde i dei to fylkeskommunane, 05.06.19. Merknader og forslag til endringar i møtet er innarbeidd i forslaget til permisjonsreglement som gjennom denne saka vert lagt fram for partssamansett utval.